

Høgskolen Stord/Haugesund, Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Sogn og Fjordane fusjonerte til Høgskulen på Vestlandet 1.1.2017.



Den nye organisasjonen har:

- **Elektronisk fakturaadresse: 917641404 Denne skal nyttast!**
Adressa støttar standarden Elektronisk handelsformat (EHF) jf. Digitaliseringsrundskrivet H-8/18 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Viss leverandør ikkje har moglegheit til å sende faktura elektronisk, kan faktura sendast som
 - eitt vedlegg i PDF-format til e-post faktura@hvl.no
 - brevpost til Høgskulen på Vestlandet fakturamottak, Postboks 363 Alnabru, 0614 Oslo (vedlegg må festast med binders). Nyttast **kun** når ikkje anna måte å sende på er mogeleg

Fakturaer og eventuelle purringar må tilfredstille desse krava for å bli handsama:

- **Rett fakturadresse**
- Fakturaen **må innehalde bestillar-kode** i feltet for *Deres referanse*. Denne koden består av seks siffer, til dømes slik: 304150. I tillegg **skal namn på bestillar** og eventuelt prosjektnummer førast på annan stad i fakturaen.
- Faktura for bestillingar gjennom innkjøpssystem **må** innehalde ordrenummer, til dømes: UH1626167. Ordrenummer erstattar bestillar-kode og namn på bestillar.
- Vi **må** ha motteke faktura som oppfyller krava ovanfor for å handsame tilhøyrande purring/inkassovarsel.

Faktura eller purring som ikkje oppfyller krava ovanfor vert sendt i retur og ny faktura med ny betalingsfrist må sendast. Høgskulen på Vestlandet skal ikkje lastast med eventuelle meirkostnader eller rentekostnader om krava ikkje er tilfredstilte.

Om ikkje anna er avtalt, har Høgskulen på Vestlandet **30 dagars betalingsvilkår**.

For Høgskulen på Vestlandet

Helge Skugstad
Direktør for økonomi og arealforvaltning